Netto lånegjeld (langsiktig gjeld) er pr 31.12.18 på omlag 153,5 mill. kroner som er ein reduksjon på omlag 6 mill. kroner frå 31.12.2017 og utgjer omlag 83,6 % av driftsinntektene. I tillegg har Valle kommune pensjonsforpliktelsar som også framkjem som langsiktig gjeld i rekneskapen.

Valle, 22. mai 2019

Siv Ragnhild Bjerga

Økonomileiar

3.2 Økonomiske måltal

Kommunen sin finansielle stilling er ein viktig indikasjon på kva føresetnad kommunen har for å kunne gje eit forsvarleg tenestetilbod på lang sikt. Valle kommune har satt tre indikatorar for å gje uttrykker kva økonomisk handlekraft kommunen har:

- Netto driftsresultat over tid i gjennomsnitt minst 2 %.
- Forsvarleg nivå på lånegjelda (i prosent av brutto driftsinntekter).
- Disposisjonsfond på omlag 20 mill. kroner.

Eit netto driftsresultat på 1,9 % i 2018 er omtrentleg på nivå med dei føringar/mål som er satt. Når det gjeld storleiken på disposisjonsfondet er det bygd ned med omlag 3,8 mill. kroner i løpet av 2018 og er nede på eit nivå på 13,4 mill. kroner som er betydeleg under nivået på 20 mill. kroner.

Netto lånegjeld (langsiktig gjeld ekskl.lån til utlån og pensjonsforpliktelsar) utgjer 83,6 % av driftsinntektene pr. 31.12.18. Å ha eit forsvarleg nivå på lånegjeld gjer kommunen eit større økonomiske handlingsrom. Bindes store deler av budsjettet opp i forpliktelsar i form av renteutgifter og avdrag vil handlingsrommet bli redusert. Dei siste åra har rentenivået vore lågt, men ein ser ei utvikling i gradvis auke i rentenivået. Valle kommune har hatt fleire store investeringar dei siste åra, då er det naturleg at store deler av finansieringa skjer ved låneopptak. Når store investeringar skal gjennomførast er det naturleg at gjeldsgraden aukar, men det er anbefalt at alle investeringar likevel har ei eigenfinansiering gjennom bruk av fond. Eit aukande rentenivå må takast omsyn til i økonomiplan i åra framover ved at finanskostnadane aukar og utgjer ein større del av driftsbudsjettet.

3.2 Vurderingar og analysar – drift og investeringar

Tabellar med økonomiske oversikter for driftsrekneskapen, investeringsrekneskapen og oversikt over balansen finn ein i Årsrekneskapen 2018.

Drift på rammeområda i 2018

Ansvar		Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
Rammeområde10	Politisk styring	2 904 764	3 191 000	91,03	286 236
Rammeområde20	Rådmann	2 086 638	2 220 000	93,99	133 362
Rammeområde22	Næring	2 664 288	3 550 000	75,05	885 712
Rammeområde23	Kultur og fritid	4 370 274	4 581 000	95,40	210 726
Rammeområde31	Personal/reiseliv	2 038 255	2 128 000	95,78	89 745
Rammeområde32	IKT	2 481 860	2 861 000	86,75	379 140
Rammeområde33	Økonomiavdelinga/Kyrkja	8 118 557	9 789 000	82,94	1 670 443
Rammeområde36	Velkomstsenter	3 075 332	3 506 000	87,72	430 668
Rammeområde37	PPT og Barnevern	2 277 445	2 874 000	79,24	596 555
Rammeområde38	Frivilligsentral	129 687	77 000	168,42	-52 687
Rammeområde51	Oppvekst	32 264 490	33 510 000	96,28	1 245 510
Rammeområde54	Helse	10 597 045	11 086 000	95,59	488 955
Rammeområde55	Sosial - nav	5 169 099	7 703 000	67,11	2 533 901
Rammeområde56	Pleie og omsorg	35 207 376	32 518 000	108,27	-2 689 376
Rammeområde57	Teknisk	22 763 637	20 188 000	112,76	-2 575 637
Rammeområde58	Teknisk forvaltning	3 705 925	3 500 000	105,88	-205 925
Rammeområde60	Div pensjon	-5 114 189	-1 200 000	426,18	3 914 189
Rammeområde65	Konsesjonskraft	-7 026 000	-7 026 000	100,00	0
Rammeområde70	Mva-komp	-5 194 988	-4 600 000	112,93	594 988
Rammeområde81	Skatt og frie inntekter	92 172	-20 000	- 460,86	-112 172
Rammeområde35	SVR	101 337	0	-	-101 337

Av tabellen ovafor kan ein sjå at der på fleire rammeområde har vore til dels betydelege avvik på forbruk i høve til regulert budsjett. Avvik av denne storleik vil vera naturleg at ein får ein indikasjon på gjennom driftsåret gjennom økonomirapportering og i tertialrapportane til kommunestyret. Om det blir fanga opp gjennom driftsåret har ein også høve til å gjera grep slik at drifta vert tilpassa budsjett eller at der vert vurdert budsjettregulering om budsjettet ikkje er i tråd med vedteke driftsnivå i eininga og på rammeområde.

Pleie og omsorg har eit meirforbruk på vel 2,5 mill. kroner i høve til budsjett. Ei generell innsparing på 0,660 mill. kroner er ikkje klart gjennomført. Endring i regelverk og innslagspunkt for refusjon for ressurskrevande tenester, som ikkje er fanga opp i budsjettet, gjer utslag i form av mindreinntekt på omlag 2 mill. kroner i høve til budsjett. Inntekter frå brukarbetaling er budsjettert omlag 0,6 mill. kroner for høgt i høve til rekneskapen.

Teknisk avdeling har meirforbruk på vel 2,1 mill. kroner. Det er særleg på teknisk drift av bygningsmasse ein ser eit betydeleg meirforbruk på omlag 1,7 mill. kroner. Store budsjettområder som serviceavtalar, forbruk av straum og generelt vedlikehald av bygningsmasse er ikkje harmonisert med faktiske driftskostnadar på desse områda.

Nav, sosialtenesta og flyktningtenesta har samla eit mindreforbruk på omlag 2,5 mill. kroner. Budsjettposten for kvalifiseringsstønad står bortimot ubrukt og utgjør eit mindreforbruk på omlag 0,8 mill. kroner. Flyktningtenesta har hatt eit heilt anna drift enn lagt til grunn i budsjett då der har vore langt færre brukar av tenesta.

Ein ufordelt lønsreserve på omlag 1,3 mill. kroner i tillegg til lønsmidler til lærlingar på 04 mill. kroner gjer stort utslag i form av mindreforbruk på rammeområde 33 Økonomi, samstundes som avdelingene ikkje har fått kompensert for lønsauken i 2018 i sine budsjett.

Rekneskapen syner eit stort positivt avvik på pensjonspremien i SPK og KLP. Arbeidsgjevar ein andel av pensjonskostnadane er budsjettert høgt i høve til rekneskap, samla virkar avviket på pensjon positivt inn i rekneskapen med omlag 4 mill. kroner.

I tillegg har fleire av dei andre einingane avvik mellom rekneskapstal og budsjett for drift i eininga. Dette er ei utfordring organisasjonen vil ta tak i og etterstrebe at budsjettet skal vera eit realistisk styringsverktøy for leiarane i organisasjonen.

Kommentarar med forklaring til kva avvika skriv seg frå kjem fram av kapittel 5 i Årsmeldinga.

Rådmannen har i 2019 starta eit arbeid med gjennomgang av budsjetta på dei ulike rammeområda for å sikra at budsjettet på einingane/rammeområda er i tråd med vedtatt driftsnivå.

Investeringar

Investeringar i 2018 – forbruk i høve til budsjettramme

Prosjekt	Investeringstiltak	Vedtatt utgifts-ramme	Regnskaps-ført tidligere år	Regnskaps-ført i år	Årets budsjett	Forbruk i budsjettramme 2018	Forbruk i % av ramme 2018
414	Velferdsteknologi PLO	500 000	162 500	0	370 000	370 000	-
607	Traktor	500 000	0	775 010	500 000	-275 010	155,00
810	Utvide Leite bustadfelt	5 300 000	80 034	928 847	1 000 000	71 153	92,88
834	Leitebakken bustadfelt	315 000	0	315 250	315 000	-250	100,08
3006	Solavskjerming Hylestad skule	100 000	0	111 433	100 000	-11 433	111,43
722	Oppgradering Soknehuset	6 625 000	484 071	6 440 146	6 325 000	-115 146	101,82
6002	Oppgradering symjehallen	270 000	99 289	399 761	120 000	-279 761	333,13
4011	Bygdeheimen, ny ventilasjon - sør	0	0	32 463	0	-32 463	-
583	Verkstad Reimarmoen	213 000	83 132	160 637	130 000	-30 637	123,57
668	Kyrkjestoge/bibliotek	35 392 000	14 868 318	21 291 769	19 512 000	-1 779 769	109,12
560	Valle reinseanlegg	350 000	0	368 123	350 000	-18 123	105,18
572	Nytt reinseanlegg Rysstad	23 430 000	20 560 702	650 324	1 162 000	511 676	55,97
763	Gang- og sykkelveg - Valle kyrkje til Valle skule	8 620 000	6 106 801	48 320	200 000	151 680	24,16
751	Valle sentrum oppgradering/utvikling	2 200 000	369 444	2 031 893	1 000 000	-1 031 893	203,19
8501	Tilbygg på verkstad på Øyne	2 050 000	2 596 489	46 150	0	-46 150	-
779	Pause- og leikeplass Rysstad, inkl. skateområde	0	0	786 685	0	-786 685	-
782	Myklevatn turløype 12 km	0	0	55 231	0	-55 231	-
8900	Ramme utvikling Brokkeområde	500 000	0	0	500 000	500 000	-
8902	Ballbinge Furustøyl	0	0	18 750	0	-18 750	-
8903	Sykkelpark Furustøyl	0	0	18 750	0	-18 750	-
893	Tur-/skiløype Brokke	0	0	37 500	0	-37 500	-
3501	Oppgradering laboratorium Valle legekontor	150 000	0	107 308	150 000	42 692	71,54
				34 624 349	31 734 000	-2 890 349	

Fleire av investeringsprosjekta i 2018 er prosjekt som har gått og vil gå over fleire år i økonomiplanperioden med ei utgiftsramme som går over perioden. Likevel er det budsjettåret si ramme for investeringar som er gjeldande som ramme i budsjettåret. Av tabellen ser ein at fleire av prosjekta overskrider budsjettåret 2018 si ramme. Dette gjeld særleg prosjekt 751 Valle sentrum oppgradering/utvikling og prosjekt 668 Kyrkjestoge/bibliotek der kostnadane i rekneskapen for 2018 er betydeleg over budsjettramme for 2018. Prosjekt 779 Pause- og leikeplass Rysstad er eit prosjekt utan budsjettramme, der kostnadene er på omlag 0,8 mill. kroner. Prosjektet er/skal finansierast av spelemidlar og tilskot frå private, men kommunen i realiteten er utbyggjar, budsjettramme skal då vera på prosjektet.

3.3 Finansforvaltning – status i høve til gjeldande finansreglement

Kommunestyret vedtok 30.06.2010, sak 57/10, reglement for finansforvaltning i Valle kommune gjeldande frå 01.07.2010. Hensikten med reglementet er å gi rammer og retningsliner for kommunen sin finansforvaltning. Reglementet gir ein samla oversikt over dei rammer og avgrensingar som gjeld. Reglementet definerer dei avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar avgrensa for driftsføremål, opptak av lån/gjeldsforvaltning og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

Pr. idag er Valle Sparebank nytta som bank for innskot og Husbanken, KLP og Kommunekreditt er långjevarar for Valle kommune. Valle kommune har dessutan aksjer i Agder Energi AS som i 2018 ga eit utbytte på omlag 7 mill. kroner.

Rentenivået på innlån har gjennom 2018 vore lågt og stabilt og ligg nå på omtrent 1,85 %. Det er positivt for kommunen sin økonomi at rentenivået er lågt, då Valle kommune har større gjeld enn innskot. Signala er at renta framleis vil halda seg låg, men at ein samstundes må venta ein moderat auke i tida framover.

I finansreglementet pkt 7.5 bokstav c kan ein finna: *«1/3 del av gjeldsportefølgjen bør ha flytande rente, 1/3 del av gjeldsportefølgjen bør ha fast rente, mens 1/3 del bør vurderast utifrå marknadssituasjonen».*

Pr. 31.12.18 var fastrenteandelen av låneportefølgjen på omlag 13,7 %, resten av låneportefølgjen har flytande rente. Fastrenteandelen er såleis lågare enn det som er retningsgjevande i finansreglementet. I ei tid med låg rente og stabilitet i marknaden er ikkje dette noko kritisk, men det må vera eit mål for Valle kommune å nærma seg dei anbefalte nivå som framgår av finansreglementet.

4 Kommunen som organisasjon

4.1 Politisk leiing i Valle kommune

Kommunestyret
Arbeiderpartiet
Steinar Kyrvestad, ordførar
Hanne Tangeraas Straume
Kim Pedersen
Hildeborg Homme
Tora Homme Uppstad
Knut Erling Haugland
Kjell Ove Tveiten
Høgre
Knut Hagen, varaordførar
Ola K.Y.Hovet
Senterpartiet
Tarald Myrum
Stein Føreland Straume
Åse Ingebjørg Flateland
Margit Dale
Venstra
Hans Olav Omnes
Sissel Åkre

Levekårsutval
Hildeborg Homme
Knut E. Haugland
Olav K.Y.Hovet
Malmfrid Homme
Sissel Åkre

Administrative utval

Arbeidsmiljøutvalet
Rådmann
Leiar økonomiavd
Leiar Personlavd
Hovudverneombud
2 arbeidstakarorganisasjoner
Fagforbundet og Utdanningsforbundet

Formannskapet
Steinar Kyrvestad
Hanne T. Straume
Knut Hagen
Margit Dale
Hans Olav Omnes

Plan- og miljøutval
Kim Pedersen, leiar
Hildeborg Homme
Anne Liv Lidtveit
Stein Føreland Straume
Åse Ingebjørg Flateland

Administrasjonsutvalet
Formannskapet +
2 tillitsvalde
Aud Kjersti Torbjørnsen
Frøydis Junge

Kontrollutvalet
Leiar Knut H. Nomeland
Nestleiar Kent Lund

Hovudverneombod
John A. Horve

Verneombod
Kommunehuset
Marianne Brenna Homme
Valle barnehage
Ingunn Mosdøl
Helsehuset
Monique V. Jore
Hylestad skule
June S. Thorsen
Hylestad barnehage
Bente Bjørgum
Valle skule/kulturskulen
Malmfrid N. Homme
Teknisk
Kjetil C. Jore
Pleie og omsorg
Gunn Lien/Sissel Helle/M. Bakke

4.2 Administrativ leiing

Tabellen nedafor syner kommunen sin administrative leiing for 2018, som også utgjer rådmannen si leiargruppe med unntak av leiar for Helse Bykle-Valle.

Område	Ansvarsområde	Stilling	Namn
Rammeområde 2	Rådmann	Rådmann	Aud Sunniva Fuhr
	Kultur/kulturskule	Leiar	Torunn Charlotte Nyberg
Rammeområde 3	Personal	Fagansvarleg personal	Tom Ivar Gulbrandsen
	Økonomiavdelinga	Leiar økonomi	Siv Ragnhild Bjerga (frå 01.12.18)
	Velkomst	Leiar velkomst	Gunn Marit Homme
	PPT Setesdal	Leiar PPT	Øyvind Kjetså
	Barnevern	Leiar Barnevern	Kari Nomeland-Strømsøe
Rammeområde 5	Valle skule	Rektor	Marit J. Brokke
	Hylestad skule	Rektor	Else Margit Tveit
	Valle og Hylestad Barnehage	Styrar	Stine Haugeland
	Helse	Felles leiar - Bykle	Karina Sloth Grindland
	Nav - sosial	Leiar	Liv Bratlie Løyland
	Pleie og omsorg	Leiar	Solveig Kyrvestad
	Teknisk	Leiar	Dagfinn Thorkildsen (frå 01.09.18)

4.3 Organisasjonsplan for Valle kommune



4.4 Helse, miljø og tryggleik (HMT)

HMT er eit lovpålagt satsingsområde innanfor norsk arbeidsliv. Valle kommune har som arbeidsgjevar eit ansvar for å arbeide systematisk med helse, miljø og sikkerhet for våre tilsette, og dei tenestene vi leverar. Avvikshandtering vil være eit viktig moment i dette arbeidet. Valle kommune har innført Compilo, som er eit kvalitetssystem for handtering av avvik, og varsling. Arbeidet med å implementere Compilo i heile kommunen vart starta i 2018, og vil fortsette i 2019.

Det er gjennomført vernerundar på dei fleste avdelingar i 2018. Tiltak/merknadar vert fylgt opp i den enkelte avdeling, og rapportert til arbeidsmiljøutvalet.

Samla Sjukefråvær i Valle kommune i perioden 2010 -2018

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
6,4	6	6,8	6	7,4	7,32	7,86	5,86	5,89

Sjukefråværet svingar noko og for 2018 er fråværet på 5,89 %, som er marginalt høgare enn i 2017. I 2018 hadde Valle kommune det 5. lågaste sjukefråværet samanlikna med dei andre kommunane i

landet. I 2017 formaliserte Valle kommune sjukefråværsoppfylginga ved å ta i bruk «møteplassen» som ein arena for oppfylging av sjukemeldte, og medarbeidarar som står i fare for sjukefravær. I 2018 har det vore gjennomført 8 møte med totalt 15 sakar i møteplassen.

Vi har som ei hovudprioritering innan arbeidsgivarområdet å redusere det totale sjukefråværet i organisasjonen. Å redusere sjukefråværet er ei viktig målsetting for kommunen. Økt nærvær bidrar til auka kvalitet i tenesteleveringa og eit betre arbeidsmiljø.

Eit grundig og godt arbeid med tiltak frå medarbeidarundersøkinga GPTW samt ei tett oppfylging av sjukemeldte i møteplassen meiner vi vil være ein sterk bidragsyter i eit fortsatt lågt sjukefravær, og eit godt arbeidsmiljø i kommunen.

Great place to work (GPTW)

Medarbeidarundersøkinga Great place to work (GPTW) vart gjennomført for andre gong våren 2018. GPTW måler medarbeidaranes tillit til leiinga, stolthet til jobben ein gjer, og fellesskapet til kollegaer. Dette er ikkje ein leiarevaluering, men ein evaluering av leiarskapet som heilhet i Valle kommunen – ein kartlegging av arbeidsmiljøet. 160 medarbeidarar i Valle kommune mottok invitasjon til å delta i undersøkinga i april 2018. 133 medarbeidarar svara på undersøkinga som gir ein svargrad på 83 % (69 % ved førre undersøking) Ser vi på nøkkeltala frå undersøkinga i 2018 har vi forbetra resultata på alle dimensjonar samanlikna med 2017. Undersøkinga gir grunnlag for eit kontinuerleg forbetringsarbeid, dette arbeidet er pågåande i avdelingane og vert fylgt opp i arbeidsmiljøutvalet.

Ny personopplysningslov (GDPR)

Den nye personopplysningsloven trådde i kraft i juli 2018. Med dette gjennomførast EUs personvernforordning (GDPR) i Norge. For å møte krava i den nye personopplysningsloven har kommunen tatt i bruk «personvernappen». Vi brukar «personvernappen» for å kartlegge alle behandlingar i kommunen som inneheld personopplysningar. Desse ulike behandlingane vert dokumentert i «personvernappen», og slik sikrar kommunen at ein har oversikt over bruk og lagring av personopplysningar. Dette arbeidet fortsetter i 2019.

Velferdstiltak

- Bedriftsleilegheita i Kristiansand er eit svært positivt tiltak, og den er mykje nytta. I 2018 hadde ein totalt 167 overnattingsdøgn i leilegheita.

- Det er høve til å trimme i arbeidstida for alle tilsette med ein time i veka.

- Det har vore skipa til jolebord i 2018 for alle tilsette.

- Det var 5 tilsette 25-årsjubilantar i 2018 (gullklokke/gåvekort)

4.5 Rekruttering og likestilling

Valle kommune har i dag relativt få søkjarar til ledige stillingar. Til dømes har det vore utfordrande å få nok kvalifiserte søkjarar til pedagog, sjukepleiar og leiarstillingar. For kommunen vil det bli avgjørande å sjå på konkrete tiltak for å tiltrekke seg kvalifsert arbeidskraft framover. Rekrutteringstillegg har vorte innført ved tilsettingar av lærarar og sjukepleiarar, andre tiltak som praksisskole og samarbeid med andre kommunar vert drøfta.

Arbeidsledigheten er pr. oktober 2018 på 1 % i Valle kommune, dette gir utfordringar med tanke på kortvarige midlertidige/vikariat oppdrag. Det er utfordrande å få rekruttert vikarar til å dekke upårekna fråvær. Ledigheten er generell låg i alle Setesdal kommunane, det er difor utfordrande å rekruttere også frå nabokommunane.

For å behalde kompetanse og då spesielt seniorar har det vore viktig for kommunen å ta i bruk ulike verkemiddel for å motivere tilsette til å stå lenger i arbeid. Valle kommune skal legge til rette for tilsette slik at arbeidstakaren kan stå i arbeid lengst muleg. Dette kan dreie seg om endring av arbeidsoppgåver, diverse hjelpemidlar osv. Vi tilbyr også lønstillegg eller fridagar til tilsette etter fylte 62 år.

Regional plan for likestilling, inkludering og mangfold er eit av fleire satsingsområde i Agder regionen. Likestillingsarbeidet skal fokusere på kjønn, etnisitet, funksjonsevne, alder, religion/livssyn, seksuell orientering/kjønnsuttrykk/ kjønnsidentitet og sosial bakgrunn. Valle kommune skal ha ei bevist haldning til desse momenta når vi rekrutterer, og i forholdet til våre tilsette.

Meir enn 2/3 av medarbeidarane i kommunen er kvinner. Når vi har lite tilgang på kvalifisert arbeidskraft er det ei utfordring å få til ei god kjønnsbalanse i arbeidstokken. 3 av rådmannen si leiargruppe på 13 personar er menn.

4.6 Overordna mål for Valle kommune

Overordna mål

Samfunnsutvikling
kommunane skal medverke til å utvikle lokalsamfunnet og gjere det attraktivt å leve og bu der, mellom anna gjennom god planlegging

Tenesteyting
kommunane har eit breitt ansvar for offentlege velferdstenester

Forvalting
kommunane forvaltar mynde i saker etter for eksempel sosial- og helselovgjevinga, plan- og bygningslova m.fl.

Mål for verksemda Valle kommune

Hovudoppgåver

- Tenesteyting
- Samfunnsutvikling
- Forvalting

Valle kommune skal vere ein serviceorientert organisasjon med brukaren i fokus, ein framtidsretta samfunnsutviklar og eit truverdig forvaltingsorgan.

Strategiar

- ha kompetente og dyktige leiarar med handlekraft og initiativ, og med heilskapleg leiing i form av god balanse mellom rollene som administratorar, motivatorar, ekspertar og utviklarar. Leiarar skal leggje til rette for medverknad på arbeidsplassane og drive einingane i økonomisk balanse
- skape ein utviklingsorientert organisasjon
- digitalisering
- brukarmedverknad
- samarbeid med andre kommunar
- vere ein lærande organisasjon som legg til rette for fleksibilitet i arbeidsmåtar og organisasjonsformer
- kompetanseutvikling og kunnskapsspreiing
- gjennom læring i det daglege arbeidet
- ha fokus på nærleik og helsefremjande arbeids- plassar. Arbeide for å ha eit lågt sjukefråver
- gjennom aktive tiltak som førebygger sjukefråvær og tiltak for rask tilbakeføring ved sjukdom

Økonomi og økonomistyring

Kommunen si finansielle stilling er ein viktig indikasjon på kva føresetnad kommunen har for å kunne gjeve eit forsvarleg tenestetilbod på lang sikt. Tre sentrale nøkkeltal seier noko om kommunen sin status: netto driftsresultat, lånegjeld og disposisjonsfond.

Mål

- netto driftsresultat over tid i gjennomsnitt minst 2%
- forsvarleg nivå på lånegjelda (pr. 2017 lik 66,08% av brutto driftsinntekt
- (landsgjennomsnitt lik 75,9%)) • disposisjonsfond på omlag 20 millionar

4.7 Oppsummering av året 2018 sett frå rådmannen si side

Rekneskapen er gjort opp med eit positivt netto driftsresultat på kr 3 701 478, dette utgjer 1,9 % av driftsinntektene. Målet for Valle kommune er å ha eit netto driftsresultat over tid på 2 %, slik at årets resultat er omtrentleg på det nivået som er målet.

Folketalsutviklinga er fortsatt i ein negativ trend. Frå 2000 til 1. januar 2018 har Valle kommune hatt ei nedgang i innbyggjartal på 214 personar. Dette er ei nedgang på 15 %. I 2010 var det 1 289 innbyggjarar i Valle kommune, 31.12.17 var det redusert til 1246 innbyggjarar. Veksten i folketall i Valle blir låg i åra framover. I dei neste åra blir det klart færre elevar i kommunen. Talet på innbyggjarar over 70 år vil auke med om lag 40% fram mot 2025.

Næringsutvikling og bruk av midlar frå tiltaksfondet der dei største enkeltpostane er næringstilskot, overføring til Setesdal Regionråd og tilskott til jordbruk, samt renter og avdrag på lån.

I 2018 har det vore skifte i leiande stillingar i organisasjonen. Det er tilsett ny leiar for Setesdal barnvern, ny leiar for Valle barnehage og Hylestad barnehage, leiar for samfunnsutvikling og teknisk (ny funksjon) og ny leiar for økonomi/ økonomisjef.

Klart oppdrag for rådmann er å utvikle organisasjonen. Rådmannen har i 2018 reorganisert leiargruppe tilpassa ein 2-nivå kommune. Som del av arbeidet er samhandling med tillitsvalde og verneombod i kommunen.

Sjukefråværet er for 2018 på 5,89 %. I 2018 hadde Valle kommune det 5. lågaste sjukefråværet samanlikna med dei andre kommunane i landet.

Valle kommune har fast møteplass for oppfølging av tilsette med redusert funksjonsevne og/eller sjukefråver «møteplassen. I 2018 har det vore gjennomført 8 møte med totalt 15 sakar i møteplassen. Fagansvarleg personal, NAV og Lund bedriftshelseteneste er faste medlemmer.

Medarbeidarundersøkinga Great place to work (GPTW) vart gjennomført for andre gong våren 2018. Ser vi på nøkkeltala frå undersøkinga i 2018 har vi forbetra resultata på alle dimensjonar samanlikna med 2017. Undersøkinga gir grunnlag for eit kontinuerleg forbetringsarbeid, dette arbeidet er pågåande i avdelingane og vert fylgt opp i arbeidsmiljøutvalet.

Arbeidsledigheten er pr. oktober 2018 på 1 % i Valle kommune. For kommunen er dette svært positivt, men samtidig gir det utfordringer med tanke på kortvarige midlertidige/vikariat oppdrag

Meir enn 2/3 av medarbeidarane i kommunen er kvinner. Når vi har lite tilgang på kvalifisert arbeidskraft er det ei utfordring å få til ei god kjønnsbalanse i arbeidstokken

Den nye personopplysningsloven trådde i kraft i juli 2018. Kommunen bruker verktøyet «personvernappen» som sikrer at kommunen har oversikt over bruk og lagring av personopplysningar.

Hylestad skule feira 60 år sommaren 2018. Jubileet blei feira med ein flott jubileumsførestilling. Hylestad soknehus stod ferdig rehabilitert til og opna til skule jubillet.

Sæbyggjen kommunen sitt nye bibliotek og kyrkjestoge opna september 2018. Innbyggjarane i kommunen har tatt bygget i bruk og kommunen har fått ein flott storstue og samlingsstad for innbyggjarar og besøkande.

Valle kommune har som mål å vere ein aktiv skuleeigar med fokus på det 13-årige skuleløpet. I 2018 har kommunen samarbeidet med oppfølgingstenesta for å styrke utvikla oppvekst.

Barnehagane har hatt fokus på kompetanseheving blant anna «Endringsledelse og implementering av rammeplan» for styrar og pedagogiske leiarar på avdelingane.

Pleie- og omsorgsavdelinga skal levere brukartilpassa tenester, på rett nivå, til rett tid, med høg kvalitet.

Arbeidet med å implementere Compilo i heile kommunen vart starta i 2018, og vil fortsette i 2019.

Rådmannen opplever at Valle kommune har eit godt tenestetilbod til sine innbyggjarar og tilreisande. Det er ein positiv utvikling i sentrum av Rysstad og i sentrum av Valle. Det er stor aktivitet i Brokke og innafor anna næring i kommunen. Det er høge forventningar til at kommunen skal vere ein positiv bidragsyter inn i ulike tiltak.

Befolkningsnedgang er for Valle som for mange distriktskommunar ein utfordring. Kommunen må ha fokus på korleis vi møter og ruster kommunen for sentrale føringar som sentralisering.

Valle kommune er ein positiv og engasjert organisasjon. Skifte i store delar av kommunen si leiing har sett sitt preg på organisasjonen hausten i 2018. Medarbeidarane i Valle kommune har gjort ein stor innsats i levering av gode tenester. Eg nyttar høvet til å seie ein stor takk til organisasjonen og politikarar for godt samarbeid i 2018.

Valle 11. mai 2019

Aud Sunniva Fuhr rådmann

5 Årsmelding frå einingane

5.1 Politikk

Kommunestyret, Formannskap, Plan- og miljøutval, Levekårsutval, Adm.utval, AMU, Kontrollutval, Eldreråd, Forliksråd, VBUR, Andre utval samt utgifter til Val.

5.1.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
1000 Kommunestyret	1 330 514	1 301 000	102,27	-29 514
1010 Formannskap	161 061	144 000	111,85	-17 061
1020 Planutvalet	219 754	222 000	98,99	2 246
1025 Levekårutval	156 924	169 000	92,85	12 076
1030 Administrasjonsutvale	16 921	11 000	153,83	-5 921
1040 Kontrolllutvalet	795 385	832 000	95,60	36 615
1050 Eldrerådet	20 749	44 000	47,16	23 251
1051 Forliksrådet	0	26 000	-	26 000
1053 VBU	31 967	33 000	96,87	1 033
1060 Andre utval	35 062	52 000	67,43	16 938
1070 Val	29 846	226 000	13,21	196 154
Samla	**2 798 183**	**3 060 000**	**91,44**	**261 817**

Politiske råd og utval har hatt ei jamn drift gjennom året, ingen nemneverdige avvik i høve til budsjett i rekneskapen.

Sjølv om 2018 ikkje var valår er der likevel kostnader til førebuing til komande val i 2019.

5.2 Rådmann

5.2.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
2000 Rådmann	1 889 586	2 220 000	85,12	330 414
2100 Beredskap	197 052	200 000	98,53	2 948
Samla	**2 086 638**	**2 420 000**	**86,22**	**333 362**

Mindreforbruket skriv seg frå inntekt frå servicepensjon knytt til AFP-avtalar frå 2015 og 2016.

5.2.2 Organisering og leiing

Rammeområdet omfattar rådmannens oppgåver innan administrasjon av verksemda.

Klart oppdrag for rådmann utvikle ein effektiv organisasjonen. Rådmannen arbeider aktivt med at ein effektiv leiargruppe tilpassa ein 2- nivå kommune. Som del av arbeidet er samhandling med tillitsvalde og verneombod i kommunen viktig.

Leiargruppa er reorganisert. Frå 1. januar 2018 er samtlige leiarar for einingane med i leiargruppa (11 i talet). Dette er ei stor leiargruppe og ein vil i løpet av 2019 vurdere om det er ei tenleg samansetning. Prosess med etablering av ny leiargruppa er gjennomført i eigen regi av rådmann og fagansvarleg personal.

Formål for rådmannen si leiargruppe:

Mål for Valle kommune som organisasjon

Valle kommune skal vere ein serviceorientert organisasjon med brukaren i fokus, ein framtidsretta samfunnsutviklar og eit truverdig forvaltningsorgan

«Kommuneplanen »

Formål for rådmannen si leiargruppe

Rådmannen si leiargruppa skal ha og arbeide for felles haldning til kommunen si målsetting og våre kjerneverdiar.

Dette gjer vi gjennom å være ein lærande organisasjon der samhandling og kommunikasjon er prega av profesjonalitet, støtte og tillit.

Arbeidet i leiargruppa skal bidra til fellesskap, fagleg utvikling og tryggleik i leiarrolla samt verdiskaping i organisasjonen.

Openheit	**truverdig**	**respekt**	**mot**

I 2018 er det tilsett ny leiar for Setesdal Barnevern, leiar for Valle barnehage og Hylestad barnehage, leiar for samfunnsutviklar og teknisk (ny funksjon) og leiar for økonomi. Prosessane er gjennomførde med eigne ressursar.

Det har kome fram eit ønske frå organisasjonen om bruk av budsjett som betre styringsverktøy. Utfordring ligg blant anna i at det dei siste årane har budsjett i stor grad blitt vidareført utan å ta hensyn til endringar i drift.

I 2019 vil ein vurdere skulestruktur og vidareføre arbeidet med å vurdere NAV samarbeid i Setesdal .

Sjukefråver: Status: 0%

5.3 Næring

5.3.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
2200 - 2202 Næring	2 614 288	3 554 000	73,56	939 712

Mindreforbruk på området er på grunn av avsatt tilskot til nærings som ikkje ble nytta samt vakant stilling innafor næring. Sept. 2018 starta ny leiar for samfunnsutvikling og teknisk eining, området

næring gjekk inn som del av ansvarsområdet til den nye funksjonen. Velkomst senteret og rådmann har ivaretatt oppgåver innan området i 2018.

5.3.2 Organisering og leiing

I samarbeid med DNT Sør har Valle kommune i 2018 etablert ein prosjektstilling i 20% som i skal følgje opp arbeidet med å leggje til rette for og vidareutvikle løypetilbodet i Valle kommune. Oppgåvene vil bli ivaretatt i samarbeid med frivillige.

I 2018 starta ein opp arbeidet med sentrumsplan for Rysstad sentrum.

5.4 Kultur, fritid og bibliotek

5.4.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
5160-5166 Kultur	3 370 920	3 341 000	100,90	-29 920
3150 Bibliotek	1 159 803	1 236 000	93,84	76 197
Samla	**4 530 723**	**4 577 000**	**98,99**	**46 277**

Som oversikta viser gjekk Kultur og fritid noko i minus i 2018. Det er budsjettert med for lågt beløp til 5160 Kulturarbeid, 375 Musèer. Dette er faste tilskot til AAma og Sylvartun, og desse beløpa skal og må indeksjusterast kvart år. Pensjon og arbeidsgjevaravgift er også budsjettert for lågt på dette ansvaret, og i tillegg steig utgifter til annonsering som ein konsekvens av at Bygdenytt ikkje lenger vart køyrt ut til alle husstandar. 5166 Kulturskulen har også eit lite overforbruk, noko som hovudsakleg skuldast ei større utgift på reparasjon av gitarar, og kostnader til konsulent (lydteknikk). 3150 Bibliotek har eit tilsynelatande overskot, men biblioteket har ikkje fått etablert drifta i nye lokal heilt og fullt.

5.4.2 Organisering og leiing

Avdeling Kultur, fritid og bibliotek består av følgjande medarbeidarar: leiar Kultur, fritid og bibliotek 100 %, biblioteksjef 100 %, fire kulturskulelærarar totalt 110 %, ungdomsarbeidar 60 %, bibliotekassistent 16%, badevakt 15 %, assistent ungdomsklubb 6 % og kinovakt etter timeliste.

60 % av leiarstillinga er lagt til teneste 23 Kultur, fritid og bibliotek. Stillinga inkluderer kulturskulerektor. Resterande 40 % stilling er lagt til rådmannen/stab, med ansvar for informasjonsarbeid og diverse oppgåver innaføre drift og sakshandsaming. Leiar kultur, fritid og bibliotek var i 2018 styreleiar i Setesdal brannvesen IKS, styremedlem i Aust-Agder musikkråd og vara styremedlem Norsk kulturforum Agder og Norsk kulturskoleråd Agder, og er dessutan noko frikjøpt frå si stilling pga. fylkespolitisk verv. I tillegg representerte vedkomande Setesdalregionen i arbeidet med temaet Kultur og kulturarv i Regionplan Agder.

Biblioteksjef har 20 % permisjon frå si stilling fom. sept. 2018 pga. verv som hovudtillitsvald.

5.4.3 Vurdering og oppsummering av året 2018

5.4.3.1 Måloppnåing i 2018 i høve til mål og føresetnader satt i økonomi- og handlingsplan for 2018-2021.

Kulturskule

Alle elevar fekk plass i 2018. Vi legg stor vekt på at opplæringa skal vere best mogeleg tilpassa den enkelte, samtidig som vi legg vekt på samspel, gruppedynamikk og fellesskap. Elevane får høve til å delta på konsertar og arrangement, både i regi av kulturskulen og andre arrangørar i lokalmiljøet. Kulturskulen skal vere eit lokalt kompetanse- og ressurssenter som er synleg i lokalmiljøet, noko vi opplever at vi i stor grad blir oppfatta som og er. Dei tilsette i kulturskulen er utviklingsorienterte og endringsvillige. I personalundersøkinga GPTW svarer dei at dei trivast og opplever arbeidsmiljøet som inkluderande og godt.

Bibliotek

Vi har god kontakt med skular og barnehagar. Samarbeidet med lokale organisasjonar som Folkeakademiet Valle og Valle frivilligsentral er godt, og desse har vore gode medspelarar for biblioteket.
I 2018 hadde vi eitt forfattarbesøk og eitt foredrag for vaksne, og eitt arrangement kor barnehagane var spesielt inviterte. Biblioteket har som mål at talet på arrangement skal auka med dei nye lokala. I samband med opninga hadde vi eit stort opningsarrangement, og påfølgjande veke inviterte vi grunnskule og vidaregåande skule på omvisingar med konsert. I kulturveka hadde vi eitt arrangement for vaksne og ei familieframsyning, samt at vi var medarrangørar på fleire arrangement.
Biblioteket skal stadig utvikle seg som kulturarena og arena for integrering, debatt, kunnskap og informasjon. Mykje er nytt og mykje vart endra med opninga av Sæbyggjen i september. Vi er i gang med nye typar aktivitetar og arrangement, og nye grupper av lånarar spør etter andre forfattarar enn før. Hyttebuarane finn også vegen til biblioteket no. Biblioteket er langopent kvar torsdag, laurdagsopent om lag ein gong i månaden. Allereie etter 3 månaders drift ser vi at brukarfrekvensen har auka formidabelt, og vi vil ha stort fokus på publikumsbygging og å fylle bygget med innhald framover.

5.4.4 Sjukefråvær i eininga

Sjukefråværet har vore på 1,5 %.

5.4.5 Utfordringar

I arbeidet med barn og ungdom opplever vi at det er ei utfordring å få kontakt med og involvering av foreldre. Dette gjeld både i forhold til fritidsklubb og kulturskule. Meir samarbeid med og tilbakemeldingar frå foreldra er ønskeleg. For drifta av junior-/ungdomsklubben er det også ei utfordring at aktivitetar og arrangement utanom ordinære klubbkveldar må ha ekstern finansiering.

Det nye biblioteket krev ein heilt annan måte å jobbe på, og vi ser allereie at for å klare å gi det tilbodet som biblioteklova krev, og som vi ønskjer å gi både fastbuande og tilreisande i alle aldrar, må vi tenkje nytt og kreativt i høve drift og organisering. Dette er spennande og utfordrande!

For avdelinga generelt er det ei utfordring å få samla personalet, ikkje minst pga. små stillingar, andre forpliktingar og ulike arbeidstider. Dette gjeld både med tanke på å drive målretta utviklingsarbeid og så konkret som å få til felles fysiske møte. Kultur og fritid er dessutan eit tenesteområde som femnar om svært mange og varierte ansvarsområde og arbeidsoppgåver, og leiar må dele seg på mange arbeidsfelt. Det var gledeleg at vi på tampen av 2018 fekk stadfesta eit større samarbeidsprosjekt med Setesdal spelemannslag – dette ser vi fram til som ein viktig del av satsinga vår dei komande åra.

5.5 Personal

5.5.3 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
3100 Personal	1 607 365	1 608 000	99,96	635

Personal har ei drift i tråd med budsjett.

5.5.4 Organisering og leiing

Fagansvarleg personal ivaretek kontakten med bedriftshelsetenesta, organiserer Møteplassen og medarbeidarundersøkinga Great placce to work i tillegg til å administrera velferdstiltaka i Valle kommune. Kva som ligg i dette arbeidet vert nøye beskrevet i kapittel 3.

5.6 Økonomiavdelinga, fellestenester inkl. Kyrkja/Trussamfunn

5.6.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
3300 Økonomiavdelinga	3 610 239	3 913 000	92,26	302 761
3310 Div fellesutgifter	1 338 758	3 332 000	40,18	1 993 242
3350 Kyrkje/trussamfunn	3 143 864	2 451 000	128,27	-692 864
Samla	**8 092 861**	**9 696 000**	**83,47**	**1 603 139**

Økonomiavdelinga har gjennom heile året hatt vakanse i stillingar som kjem til uttrykk gjennom eit mindreforbruk på omlag 0,3 mill. kroner. I diverse fellesutgifter ligg att omtrent 1,3 mill. kroner av avsatte midlar for å tilføra avdelingane i samband med eit forventa resultat av lønsoppgjøret for 2018. I tillegg ligg omtrent 0,4 mill. kroner i avsatte lønsmidler til lærlingar som ikkje er fordelt. Kyrkja har fått tilskot på omtrent 0,5 mill. kroner meir enn budsjettert grunna interne føringar for tenestekjøp til drift av gravlundar.

5.6.2 Organisering og leiing

Økonomiavdelinga fekk ny leiar 01.12.18, fram til då hadde avdelinga konstituert leiar henta internt frå organisasjonen. I tillegg til leiar har avdelinga 3,8 stillingsheimlar. Økonomiavdelinga fører rekneskapen for Valle kommune og sel teneste med fakturamottak og føring av rekneskap for Kyrkjeleg Fellesråd, Setesdal Regionråd, Øyne Industribygg Valle KF og Setesdalsmusèet Eigedom IKS. Frå 01.12.18 kjøper Konsesjonskraft IKS 20 % stilling som controller frå Økonmiavdelinga i Valle kommune. Avdelinga hatt omtrent 40 % vakant stilling gjennom året i tillegg.

Skatteoppkrevjarfunksjonen kjøpes av Evje og Hornnes kommune. Skatteoppkrevjarkontoret er felles for kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle. Arbeidsgjevarkontrollfunksjonen kjøpes av Arendal kommune.

Valle kommune er vertskommune for felles Barnevern for Bygland, Valle og Bykle og fører rekneskapen for dette samarbeidet. Likeeins er Valle kommune vertskommune for felles PPT og fører rekneskapen for også dette samarbeidet.

Økonomiavdelinga utfører også funksjonen løn for tilsette i Valle kommune, Kyrkjeleg fellesråd og Setesdal Regionråd.

5.6.3 Vurdering og oppsummering av året 2018

Over lengre tid har økonomiavdelinga hatt ein uavklart situasjon knytt til leiing. Fleire oppgåver som ligg til leiar har ikkje blitt prioritert, då avdelinga gjennom året ikkje har hatt fast leiar på plass i stillinga.

5.6.4 Sjukefråvær i einingа

Sjukefråværet i økonomiavdelinga har vore 1,32 % i 2018.

5.6.5 Utfordringar

Økonomiavdelinga er sentral når det gjeld implementering av nye innovative tekniske løysingar. Valle kommune har nyleg fått på plass Vipps som betalingsordning. Økonomisystem og lønssystem treng stadig fornying og oppgradering og utvikling av nye bruksområder knytt til fakturamottak og fakturering må tas i bruk. Det krev ressurser og kompetanse på område for å få på plass og kunne ta desse løysingane i bruk.

5.7 Velkomstsenter

5.7.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
3600 Velkomstsenter	3 307 039	3 489 000	94,78	181 961
3601/3660 Markensgate 1	-231 707	17 000	- 1 362,98	248 707
Samla	**3 075 332**	**3 506 000**	**87,72**	**430 668**

Drifta er i tråd med budsjett. Har mindreforbruk grunna sal av merkantile tenester, samt at leiar har vikariert for rådgjevar på landbruk og fått tilført 40% av løna frå ansvar 5736 siste del av 2018.

5.7.2 Organisering og leiing

Frå 01.07.2018 vart 90% stillingsressurs overført til teknisk avdeling. Dei fleste av oppgåvene som låg til denne ressursen har vi behalde i avdelinga, men vi har ikkje auka ressursane. Vi har hatt 100% mellombels tilsetjing i høve sal av merkantile tenester og vikar for leiar. Avdelinga fekk tilført 20% merkantil for PPT på slutten av året. Pr. 31.12.18 har vi desse ressursane:

100% fast leiar - 100% fast arkivleiar - 80% fast konsulent - 20% fast konsulent - 100% fast Sjåfør 100% mellombels konsulent

5.7.3 Vurdering og oppsummering av året 2018

5.7.3.1 Måloppnåing i 2018

Velkomst hadde ingen spesifikke mål for 2018 anna enn det som er sett som delmål og som er skildra under.

5.7.3.2 Måloppnåing i høve til mål og føresetnadar satt i økonomi- og handlingsplan for 2018-2021.

Delmål 1 - Vi skal ha lite kø og raske svar på sentralbordet
Vi har bytta til mobilt sentralbord som gjer at vi kan vere fleire til å ta telefonen, og dermed lite kø, og meir fleksible.
Delmål 2 - Vi skal hjelpe besøkande på best mogleg måte. Alle skal få eit svar.
Vi hjelper besøkjande og innringarar på best mogleg måte. Herunder også turistar i og med at vi har turistinformasjon.
Delmål 3 – Vi skal syte for at innkalling til politiske utval vert sendt ut i tide
Vi jobbar stadig med dette. Sender ut via ein APP som heiter FLUIX som vi er godt nøgde med. Ikkje alltid vi får sendt ut i tide, men det har ikkje noko med systemet å gjere.
Delmål 4 - Vi skal bruke mindre papir og sende mest mogleg post med digital forsendelse.
Vi har fått informasjonsskjerm i resepsjonen der relevant info blir vist både for interne og eksterne dermed meir digitale. Fleire har tatt i bruk digital postkasse som gjer at vi får mindre utgifter til porto. Innkallingane går også ut digitalt.

5.7.4 Sjukefråvær i eininga

Sjukefråveret er på: 4,5%. Dette skuldast hovudsakleg sjukefråver første kvartal 2018.

5.7.5 Utfordringar

Hovudutfordringa til avdelinga er å få sett av tid til å jobbe med rutinar og kvalitetssystem. Vi har også utfordringar med å få halde heimeside/intranett oppdatert grunna mangel på kapasitet.

5.8 Oppvekst

5.8.2 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
3130 Skulefagleg rådgjevar	430 889	520 000	82,86	89 111

Drifta er innafor budsjett.

5.8.3 Organisering og leiing

Skulefagleg ansvarleg ivaretek skulefaglege oppgåver for skulane i Valle kommune. Stillinga er deltid.

5.9 Valle skule

5.9.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
5100-5110 Valle skule	15 700 271	16 236 000	96,70	535 729

Valle skule tar utgangspunkt i Valle kommune sin Handlingsplan for økonomi 2018-2021.
Avvik frå handlingsplanen for økonomi.

Årsak:
Skulen har i tillegg leid inn merkantil teneste frå velkomstsenteret tilsvarande 10 % ihht GDPR, digitalisere alle elevmappene, papirarkiv, eksamensprotokollar mm..
Det var naudsynt å investere i nye stolar til elevane på heile ungdomstrinnet samt ein større innkjøp av elev PC ar for å dekke opp planen om 1:1 ihht det digitale løftet

Hausten 2018 fekk skulen eit auke i timar til spesialundervisning tilsvarande 100 % stilling. Skulen er pålagt å leggje til rette for spesialundervisning ihht. opplæringslova §5 for elevar som ikkje har utbytte av ordinær opplæring.

5.9.2 Organisering og leiing

Valle skule er ein 1-10 skule og har ein administrasjonen på 120 % , fordelt på 100 % rektor og 20 % inspektør. Skulen er organisert i 3 team, men ein teamleiar for kvar team. Teamleiarane er medlemmar i skulen si plangruppe saman med inspektør/IKT ansvarleg og rektor.

5.9.3 Vurdering og oppsummering av året 2018

Eit godt skule og arbeidsår. Skulen har arbeidd vidare med VFL og grunnleggjande ferdigheiter samt hatt ein oppstart med arbeid i fagfornying.

5.9.3.1 Måloppnåing i 2018

Skulen fekk sertifisering som "Great Place to Work" gjennom systematisk arbeid med godt og inkluderande arbeidsmiljø.
Elevundersøkinga syner forbetring på læringskultur, trivsel, vurdering for læring og motivasjon. Undersøkinga fortel og at Valle skule er ein skule utan mobbing og at elevane opplever at lærarane har tru på dei og vil dei vel.

5.9.3.2 Måloppnåing i høve til mål og føresetnadar satt i økonomi- og handlingsplan for 2018-2021.

Vaksenopplæringa: Sommaren 2017 flytta vaksenopplæring inn i 3 etg på Valle skulen og er no under same tak som Valle skule. Vaksenopplæring driftast av rektor på Valle skule.

Skuleskyss: elevar med kommunalt vedtak om skuleskyss for området Brokke, Berg og Haugeland har fått redusert skysstilbod. Ved tak om skuleskyss gjeld berre frå november tom april.

5.9.4 Sjukefråvær i eininga

Sjukefråværet var i 2018 på 3,64 %.

5.9.5 Utfordringar

Elevtalet har gått betrakteleg ned frå skuleåret 2017-2018. Det starta opp 91 elevar i grunnskulen i haust. Det er ein jamn fordeling på nedgangen i elevtalet og skulen har framleis elevar på kvart trinn. Den klassen med færrast elevar er berre 4.

Det er vanskeleg å få vikarar i skulen og skulefritidsordninga. Det utfordrar drifta av skulen ved fråvær. Skulen legg stor vekt på utviklingsarbeid og kompetanseheving gjennom lærande nettverk. Det medfører fråvær og ekstra belastning på dei tilsette som må ta timar for andre for å dekke inn timar med faglærarar.

Skulefritidsordninga er kostbar å drifte. Foreldre kan søkje om plass og endre undervegs, dei ønskjer plass med ferie men nyttar sjeldan tilbodet. SFO er nøydt til å vere bemanna ut frå det antal plassar som er meldt inn med ferie og som foreldra betalar for.

Skulen har ikkje merkantil- kontorfagleg kompetanse og det legg ein del meirarbeid på rektor. Arkivering, bestilling, post og informasjon er oppgåver som det går ein del tid til og som då går på bekostning av pedagogisk drift og utvikling av skulen.

5.10 Vaksenopplæringa

5.10.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
5150-5151 Vaksenopplærin	1 724 439	1 962 000	87,89	237 561

Det er dette året gitt opplæring etter alfabetiseringsmodulen og det krev ekstra ressurser.

5.10.2 Organisering og leiing

Leiing er lagt til rektor ved Valle skule, men kompensasjon i 30 % for meirarbeid. Inspektør har ansvar for dagleg drift og oppfølging av elevar og personale tilsvarande auke i stillinga.

5.10.3 Vurdering og oppsummering av året 2018

Vaksenopplæringa har hatt eit litt annleis men godt år. Elevar og tilsette er godt nøgde med å vere på Valle skule og skulen opplever at det er ein styrke for tilsette å vere ein del av eit pedagogisk fellesskap.

5.10.3.1Måloppnåing i 2018

5.10.3.2Måloppnåing i høve til mål og føresetnadar satt i økonomi- og handlingsplan for 2018-2021.

Alle elevane på grunnskule for vaksne gjekk ut med vitnemål med karakter i norsk, matematikk, engelsk, samfunnsfag og naturfag. Dei gjennomførte skriftleg eksamen i matematikk samt munnleg eksamen.

-Valle kommune har fatta vedtak i tråd med IMDI si oppmoding.
-Setje flyktningane i stand til å leve av eiga inntekt.
-Vaksenopplæring er flytta frå Heradshuset i Valle sentrum og til 3 etg ved Valle skule.

5.10.4 Sjukefråvær i eininga

Sjukefråværet har vore på 10,4 %.

5.10.5 Utfordringar

Synkande elevtal grunna flytting ut av kommunen for å ta vidaregåande skule. Vaksenopplæringa har berre ei klasse med 7 elevar på grunnskule for vaksne og i introduksjonsklassen går det 8 elevar.

Ein ser at det er eit stort fageleg avvik frå måla om A2 i norsk for å gå direkte til grunnskule for vaksne som deltakar på eit 2 årig løp.

5.11 Hylestad skule

5.11.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
5120 Hylestad skule	7 040 717	7 466 000	94,30	425 283

I 2018 syner rekneskapen for Hylestad skule eit lite overskot. Det kjem av at me som allereie er i skulen har dekka opp mange av timane ved sjukefråvær og at me har satt investeringar, som til dømes nye stolar og pultar, på vent. Dette har me og gjort for å dekke inn meirforbruk til skyss og skulelokalar.

5.11.2 Organisering og leiing

Hylestad skule har 220 % fagarbeidarar/assistentar, 630 % pedagogar og 70 % administrasjon. Me har og støtte til pedagogisk bruk av IKT på omlag 10 %. Me har ingen merkantil hjelp.

Av skulen si ramme dekker me inn to teamleiarar, ein på 1.-4.trinn og ein på 5.-7.trinn. Me har ein spesialpedagogisk koordinator og ein SFO-koordinator. Me har to ressurslærarar, ein på «Vurdering for læring» og ein på IKT.

1. og 2. trinn er ein klasse og har ein felles kontaktlærar. Det same gjeld 3. og 4. trinn. Mellomtrinnet er og ein klasse, men dei har to kontaktlærarar, ein for 5. og 6. trinn og ein for 7. trinn.

5.11.3 Vurdering og oppsummering av året 2018

I 2018 feira Hylestad skule 60-årsjubileum. Nest siste skuledagen før sumarferien hadde me jubileumsfest, Bygdekveld og sumaravslutning samtidig på Hylestad soknehus. Det vart ein minnerik dag for både elevar, føresette, tilsette og andre frammøtte.
I 2018 blei øyremerkte statlege midlar til «Tidlig innsats» tatt systematisk i bruk. På Hylestad skule har det i samtidig vore stor nedgang i talet på elevar som får spesialundervisning. Her ser me ein tydeleg samanheng.
Dette året har elevane ved skulen opplevd at fleire leikeapparat er skrudd ned på grunn av råte. Dei saknar desse og har arbeidd for å få nye.
På Hylestad skule ser me på kultur som ein viktig del av elevane si opplæring. Derfor har me i 2018 nytta både interne og eksterne ressursar til dette. Me har hatt ei rekke besøk på skulen i regi av «Den kulturelle skulesekken». Me har og reist med heile skulen til Sørlandets kunstmuseum i Kristiansand. Me har vore på Vitensenteret og fått med oss ei framsyning på Kilden. Mellomsteget har vore på Kanalmuseet og besøkt Eidsborg stavkyrkje i Telemark.
Kvar haust drar me på heietur med heile skulen og om vinteren har me ein alpindag og ein skidag. Fleire av klassane har vore på gardsbesøk både ei og to gonger i løpet av året.
Me har og nytta Setesdalsmuseet til støtte i den faglege opplæringa på alle trinn.

5.11.3.1 Måloppnåing i 2018

Når det gjeld skulen sine eigne mål, har me hatt ein særs god betring av resultat på kartlegging av elevane sin digitale dugleik.

Me har nå full dekning med berbare PC-ar til elevane, og dei er mykje i bruk på dei fleste trinn på skulen.

Elevundersøkinga syner svært god trivsel blant elevane og at me ikkje har mobbing på skulen. Likevel opplever me at det er elevar som ikkje alltid finn seg til rette. Derfor arbeider me kontinuerlig vidare med dette. I 2018 starta me mellom anna med Trivselsleiarprogrammet, med tok i bruk Klassetrivsel.no og me utarbeida ein ny plan for skulen sitt arbeid for eit trygt og godt skulemiljø. Dette er nyttige reiskap i arbeidet, men først og fremst er det viktig for oss at alle vaksne er tett på, følgjer med, grip inn, undersøker, varslar og eventuelt set i verk naudsynte tiltak.

Me er på god veg i arbeidet med å legge resultat frå kartleggingsprøver og nasjonale prøver til grunn for opplæringa. Pedagogisk personale har fått rettleiing i korleis me kan analysere kartleggingsprøver og korleis me nytter analysen av testar og prøver vidare. Me ser fram til å vidareutvikle dette i tida som kjem og at me er på stadig søken etter å bli betre på å gje elevane gode grunnleggjande ferdigheiter.

Gjennom heile 2018 arbeidde lærarane med nett- og modulbasert opplæring i «Vurdering for læring.» Me har mellom fått fleire reiskap å nytte i vurderingsarbeidet og i metodar for elevmedverking.

5.11.3.2Måloppnåing i høve til mål og føresetnadar satt i økonomi- og handlingsplan for 2018-2021.

Samanlikna med 2017 fekk me ein reduksjon av den økonomiske ramma til skulen i 2018. I tråd med planen, er det spart inn på skuleskyss ved at Brokke-elevane får skyss berre mellom 1.november og 1. april. Resten av skuleåret får dei buss til Holtekrysset. Me brukte likevel bortimot dobbelt så mykje til skyss som det er budsjettert med. Dette må me ta frå skulen sitt resterande driftsbudsjett.

Tiltaket med rekrutteringstillegg for nytilsette fagutdanna lærarar på 30 000,-kr. er vidareført i 2018. Tiltak med å få til eit samarbeid med UIA, til dømes at skulane vert partnarskular, er ikkje starta.

Sumaren 2018 fekk me plass sårt tiltrengt fornying av markisene på skulen.

5.11.4 Sjukefråvær i eininga

Sjukefråvær 2018: 6,38 %

5.11.5 Utfordringer

Dette året har det vore ei utfordring at det har vore få leikeapparat i skulegarden.

Elevundersøkinga syner at me har noko utfordring med elevane sin motivsjon for skulearbeidet. Dette er noko som me saman må ha fokus på.

Sjølv om me har greidd å tilsette fagutdanna pedagogar i alle faste stillingar og vikariat, er det ei utfordring å finne vikarar med utdanning ved kortare fråvær.

Skal personalet halde seg oppdatert, delta i nettverk og på etter- og vidareutdanning, treng me fleire fagutdanna vikarar.

SFO er uforutsigbar å drifte. Føresette kan endre opphaldstid på SFO gjennom heile året. I feriane må me bemanne sjølv om det ikkje kjem elevar.

5.12 Valle barnehage og Hylestad barnehage

5.12.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
5130-5140 Valle og Hylestad barnehagar	7 818 152	7 846 000	99,65	27 848

Drift i tråd med budsjett. Det er eit lite mindreforbruk trass i at me ikkje har fått tilført midler etter lønnsoppgjer 2018.

5.12.2 Organisering og leiing

Valle barnehage hadde våren-18 ei gruppe på 31barn/40plasser. 8 barn begynte på skulen hausten-18 og 4barn slutta (skulegang for foreldra). Ved nytt barnehageår fekk me 10 nye barn under 3år. Dette tilsvarer ei bemanning på 720 % stilling

Hylestad barnehage var ei gruppe på 18 barn/28 plasser 3 barn starta på skulen. Hausten-18 er det ei barnegruppe på 15 barn/22 plasser. Dette tilsvarer ei stilling på 400 %. Hylestad barnehage ligger og vipper på behovet for bemanning mellom 400 og 500 % stilling. Antal plasser betyr barn over 3 år tel 1 plass og barn under 3 år tel 2 plasser. Det antal plasser som blir bruk i rekning på bemanningsnormen.

Båe barnehagane vert leia av felles styrar. Alle personalmøter og plandagar er felles.

5.12.3 Vurdering og oppsummering av året 2018

Barnehagane i Valle er med i Nettverk Setesdal barnehager i saman med Evje og Horrnes, Bygland og Bykle. Me har i år hatt kompetanseheving på «Endringsledelse og implementering av rammeplan» for styrar og pedagogiske leiarar på avdelingane. Kompetanseheving for personalet har vore: implementering av rammelanen, psykisk helse&rus og skadelig seksuell adferd hos barn.

5.12.3.1 Måloppnåing i 2018

- Gjennomfører opplegg i førskulegruppa: «lekbasert læring»
- Gjennomførte foreldresamtalar for alle. God tilbakemelding.
- Bravo-leiken blir gjennomført 3 mnd haust og 3 mnd vår i begge barnehagane
- Gjennomførte samarbeidsmøter med ppt, barnevern og helsesjukepleiar.
- Jamnlege samarbeidsmøter med rektorar og styrar

5.12.3.2 Måloppnåing i høve til mål og føresetnadar satt i økonomi- og handlingsplan for 2018-2021.

- 100% barnehagedekning.
- Mangler 20% pedagogstilling i Hylestad- og 140% pedagogstilling i Valle barnehage.

5.12.4 Sjukefråvær i eininga

Sjukefråvær felles for barnehagane er 7,86%

5.12.5 Utfordringar

Utfordringar for barnehagane er å skaffe vikar ved sjukdom, ferie, avspasering og ulike permisjonar. Det er få søkjarar på utlyste pedagogstillingar.

5.13 Helsetenesta

5.13.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
5410-5460 Helsetenesta	10 597 045	11 086 000	95,59	488 955

4.13.2 Organisering og leiing

Januar 19 gjennomførte kommunestyret i Valle temamøte om helse. Tilbakmelding frå kommunestyret var at dei er svært nøgd med helsetenesta i kommunen. I løpet av våren vurderte administrasjonen i Bykle og Valle ulike tiltak for å redusere utgifta i helsetenesta (ref. Sak PS 28/17 reforhandling av «Avtale om adm. vertskommunesamarbeid for helsetenesta Bykle og Valle kommune). Gitt dei politiske føringane i kommunen lukkast ein ikkje å finne det naudsynte potensialet for innsparing.

Kommunestyret vedtok å avslutte reforhandling av helseavtalen Bykle Valle. Tilttak i «Notat – helsetenesta Valle og Bykle kommune» blei lagt til grunn for vidare samarbeid.

5.14 NAV

5.14.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
5510 Sosialtenesta	1 493 473	2 431 000	61,43	937 527
5520 Flyktningtenesta	3 396 158	4 864 000	69,82	1 467 842
5550-5555 Nav	279 467	408 000	68,50	128 533
Samla	**5 169 098**	**7 703 000**	**67,10**	**2 533 902**

Forbruket er på 67,10 % av budsjettet. Forbruket på økonomisk sosialhjelp ligg 7 % over budsjett og forbruk av kvalifiseringsstønad ligg på 7 % av budsjett og utgjer det betydelege mindreforbruket på 5510 Sosialtenesta. PÅ 5520 Flyktningtenesta er mindreforbruket knytt til færre mottakar av introduksjonsstønad og dermed lågare utbetaling enn lagt til grunn i budsjettet.

5.14.2 Organisering og leiing

Som organisasjon er Nav styrt av lovpålagte oppgåver v/Lov om sosiale tenester, Introduksjonslova og Nav-lova. I tillegg yter vi tenester på skjenke- og sals-bevilling i alkohollova og Husbanken med startlån og bustønad med eige regelverk for sakshandsaming.

Nav Valle er organisert som eit partnarskap med kommune/stat. Det er stat som har leiaren på Nav Valle og er løna 100% av stat. Nav leiar har ansvar for personale og økonomi i eininga.

Vi har pr i dag 100% stilling på sosial fordelt med 50% på økonomisk sosialhjelp, økonomisk råd- og vegleiing, Kvalifiseringsprogrammet og 50% på folkehelse-prosjekt «Nye mønstre – trygg oppvekst» som er lagt til Nav.

Vi har også 100% fordelt på rådgjevar flyktning, og kommunale oppgåver som låne- og tilskotsordningane gjennom Husbanken og sal- og sjenkeløyver.

5.14.3 Vurdering og oppsummering av året 2018

Økonomisk har det vore eit godt år. Det har blitt gjort ein god jobb med å få ned utgifter og lære folk til å bli sjølvhjelpte.

Tal på flyktningar vart som vi antok, redusert med 16 personar + familiane deira.

5.14.3.1Måloppnåing i 2018

Det vart tilsett ein person stillinga som Familiekoordinator i kombinasjon med sakshandsaming etter lov om sosiale tenester i nav. Dette er vi særleg nøgde med.

Talet på personar som mottek økonomisk sosialhjelp har ikkje auka, men held seg stabilt på eit lågt nivå.

Vi har ein person i Kvalifiseringsprogrammet.

Vi har ikkje hatt unge mottakarar av økonomisk sosialhjelp med aktivitetsplikt i 2018, det er veldig bra!

5.14.3.2 Måloppnåing i høve til mål og føresetnadar satt i økonomi- og handlingsplan for 2018-2021.

Måloppnåinga i høve til økonomi- og handlingsplan for 2018-2021 er tilfredsstillande. Flyktningane som flytta frå Valle i 2018 har fått i hamn både introduksjonsprogram og grunnskule og skal vere rimeleg rusta til å gå vidare på vidaregåande skule og ut i arbeidslivet generelt.

Langtidsmottakar av økonomisk sosialhjelp har fått oppfølging og er no klar for andre hjelpetiltak.

5.14.4 Sjukefråvær i eininga

Sjukefråvær på 0,43% som er veldig bra.

5.14.5 Utfordringar

Utfordringane framover vil nok vere talet på gjeldssaker på Nav. Det var 8 saker pr august 2018, det er mykje. Nokon er ferdig avklåra og har fått gjeldsordning eller økonomisk verje, men det er mange nok å ta tak i og hjelpe vidare. Dette tek mykje av ressursane på sosialsida på Nav Valle. Vi ser oss nøyde til å kjøpe tenester frå ressurssenteret i Arendal ut over den saka vi får gratis i året, som ligg i medlemskapet. Tendensen er fleire saker, men særs lite føreseieleg.

Ei anna utfordring er det som nå skjer på straumfronten. Den kraftige prisauken kan gi oss en del utfordringar der folk med låg inntekt ikkje klarer utgiftene og må få hjelp frå nav.

Endra regelverk på Arbeidsavklaringspengar (AAP) frå staten, innskrenking av tida ein kan få AAP og unntaksreglar, kan verte ein utfordring. Andre kommunar har opplevd auke i sosialutbetalingar som følge av desse innskrenkingane.

Det skal liten endring til før økonomien avviker frå budsjett og planer. Omfanget av saker som kommer inn er veldig føreseieleg, og kan ta mykje av ressursane våre.

Slik vi ser det i dag er 50% på sosialdelen av Nav for lite for å kunne gjere ein tilfredsstillande jobb med ikkje alt for lang ventetid, og stort arbeidspress på den tilsette. Her er ikkje særleg rom for sjukdom og fråvær. Vi meiner at den reduksjonen på Nav sosial som vart gjort i 2017, ikkje harmonerer med det vi ser av utviklinga av sosialhjelpsakar. Dette gjeld spesielt gjeldsproblematikken inklusiv økonomisk råd og rettleiing, ein auke som er en trend over heile landet.

5.15 Pleie- og omsorgstenesta

5.15.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
5600 Administrasjon	1 728 113	1 539 000	112,29	-189 113
5610 Valle bygdeheim	17 671 101	15 531 000	113,78	-2 140 101
5611 Kjøken	2 103 664	2 155 000	97,62	51 336
5612 Dagsenter	427 599	656 000	65,18	228 401
5614 Vaskeri	425 886	704 000	60,50	278 114
5620 Open omsorg	9 097 562	9 138 000	99,56	40 438
5630 Habilitering	3 527 933	2 799 000	126,04	-728 933
5631 Dagsenter	209 801	0	-	-209 801
Samla	**35 191 659**	**32 522 000**	**108,21**	**-2 669 659**

Generell innsparing på kr 660 000 er budsjettert på 5600/5610, men er ikkje komen i mål med denne generelle innsparinga. Ein kunne i siste del av 2018 redusere på bemanning i heile organisasjonen, men på grunn av redusert bemanning totalt gjennom fleire år med reduksjon og sjukefråvær i denne perioden så ser ein at ein ikkje har kome i mål på innsparinga.
Endring i regelverk og innslagspunkt for refusjon for ressurskrevande tenester, som ikkje er fanga opp i budsjettet, gjer utslag i form av mindreinntekt på omlag 2 mill. kroner i høve til budsjett. Brukarbetalingar er under budsjett med kr 655 000. Dette har ein ikkje klart å kompensere for andre stader.

5.15.2 Vurdering og oppsummering av året 2018

I 2018 har det vært fokus på førebyggjande tenester. Det er starta opp helsefremjande heimebesøk til innbyggjarar på 78 år. Kvardagsrehabilitering er introdusert som teneste i staden for «tradisjonell heimesjukepleie» til dei som kan nytte seg av det. Det førebyggjande teamet har også arrangert Seniormesse for innbyggjarane i Valle kommune som vart svært vellykka.

På Valle Bygdeheim har det vore 13 brukarar som har tildelt langtidsopphald. Ein reknar at det skal vere 15 langtidsplassar. Det har vore 17 avlastningsopphald, 17 KØH-opphald og 39 korttidsopphald. Av brukarar med heimesjukepleie ligg dette rundt 50 +/-.

5.15.3 Sjukefråvær i eininga

5600 Administrasjon 1,34%
5610 Valle Bygdeheim 6,50%
5620 Open omsorg 11,78%
5630 Habilitering 2,38 %
5611 Kjøkken 1,42%
5612 Dagsenter11,81%
5614 keri 0 %

5.15.5 Utfordringar

Stor del av budsjett til ressurskrevjande brukarar (1 til 1 bemanning). Dette er sårbart i ein liten kommune.

Reduksjon i grunnbemanning gjør organisasjonen sårbar ved sjukefråvær.
Det er ei forventa auke i pågang på tenester slik at ein er avhengig av å bygge ei robust teneste der ein brukar dei hjelpemiddel ein har slik som velferdsteknologi. Ein ser at det er bra med gode omsorgs-bustader, slik som «tøffel-bustadene». Dette gir ein effektiv teneste.
Det er viktig og fortsette jobben med gode overgangar mellom dei ulike tenestenivå innan eigen kommune og med spesialisthelseteneste

5.16 Teknisk avdeling

5.16.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
5700 Teknisk administrasjo	3 558 210	2 858 000	124,50	-700 210
5731 Byggesak	-125 963	404 000	- 31,18	529 963
5732 Plansak	1 434 616	-138 000	- 1 039,58	-1 572 616
5733 Oppmåling	-73 219	216 000	- 33,90	289 219
5735 GIS	563 081	1 068 000	52,72	504 919
5736 Jord- og skogbruk	1 127 265	1 252 000	90,04	124 735
5737 Veterinær	484 973	541 000	89,64	56 027
5738 Utmark	151 935	157 000	96,77	5 065
5739 Kommunalt viltfond	68 236	0	-	-68 236
5701-5740 Teknisk drift	4 420 145	2 681 000	164,87	-1 739 145
5795 Reinhaldstenester	5 140 018	5 505 000	93,37	364 982
5820-5840 Adm. Bygg	1 248 290	1 312 000	95,14	63 710
Samla	**17 997 587**	**15 856 000**	**113,51**	**-2 141 587**

Meirforbruk på 5700 Administrasjon grunna kostnad til digitalisering av planarkiv. 5710-5740 Teknisk drift omhandlar drift og vedlikehald av kommunale bygg utanom administrasjonsbygg. Store budsjettområder som servieavtalar, forbruk på straum og generelt vedlike av bygningsmasse er ikkje harmonisert med faktiske kostnadar, dette gjeld både faste og variable kostnadar. Dette er årsaka til det betydelege meirforbruket på desse ansvara. Plan- og forvaltningsområda 5731-5736 har varierande avvik på forbruk i høve til budsjett, men ser ein desse områda samla er drifta i tråd med budsjett. Bruk av konsulenttenester til planarbeid og føring av lønskostnader til fast tilsette som avviker i høve til plasseringa i budsjettet forklarar avvika.

5.16.2 Organisering og leiing

Teknisk eining er leia av leiar teknisk. Han leiar direkte forvaltningseininga, medan reinhald og vaktmestertjenesta er leia av kvar sin driftsleiar.

Leiar teknisk har det administrative, faglege og økonomiske ansvaret for eininga.

5.16.3 Vurdering og oppsummering av året 2018

5.16.3.1Måloppnåing i 2018

Det er mykje aktivitet i hyttefelta, opparbeiding av nye planområde og nye hytter. Det føreligg 1 klagesak frå 2018 som ikkje er ferdig handsama. Det går mykje tid til rettleiing og korrespondanse i søknadsprosessen.

Etter at det vart inngått nye utbyggingsavtalar hausten 2017 mellom Valle kommune og utbyggar, må byggesak krevje inn bidrag jf. utbyggingsavtaler. Bidrag må vere betalt før byggesak kan gi byggeløyve for oppfylle rekkefylgjekrava i reguleringsplanen. Dette medfører at ein søknad om igangsettingsløyve er meir tidkrevjande for søkar enn tidlegare, samtidig som det går utover sakshandsamingstid og ressursar på byggesak. Det er ikkje ført så mange tilsyn som strategiplanen for tilsyn seier, årsaka til dette er at det har vore mindre kapasitet på byggjesak deler av året 2018. Byggjesak vil prioritere å føre meir tilsyn framover. Det er nye planar under handsaming og ein vil difor rekne med at det vert ei auking i mengda av byggjesaker framover.

Skanning av eigedomsarkivet vart avslutta vinter 2018.

I 2018 vart det rekvirert 63 oppmålingsforretningar, der 5 ikkje vart noko av. Frist på utføring etter matrikkellova er 16 veker etter at klagefristen på 3 veker på vedtak er ute og alle vilkår i administrativt vedtak er oppfylgde. Det var 4 saker som ikkje vart ferdige innan fristen.

Av 58 rekvisisjonar er 11 saker ikkje avslutta. Hovudgrunnen er at det er rekvisisjon av tilleggsareal som krev samanslåing og ein har ikkje fått skjema på samanslåing i retur, eigedomen ikkje vert tinglyst på ny eigar eller at hefte ikkje er sletta for å få gjennomføre samanslåinga. Desse sakene er tidkrevjande å kome i mål med. Pga den lokale vinterforskrifta som gjev unntak frå tidsfristar i saker som krev oppmålingsforretning kan saker som er motteke i 2018 bli liggjande til våren 2019.

Det er 44,82% som har fått offisiell vegadresse i Valle Kommune og 55,18% står med matrikkeladresse. Det vart i 2018 tildelt adresser i Furestøyl/Kvisleområdet.
Det er totalt matrikulert 1329 vegadresser og me står att med 1636 matrikkeladresser.

Det har vært behov for ekstra reinhald/byggvask på Soknehuset og Sæbyggjen i 2018. Ekstra hjelp er blitt leid inn.

5.16.3.2Måloppnåing i høve til mål og føresetnadar satt i økonomi- og handlingsplan for 2018-2021.

Av spesielle prosjekt/oppdrag som teknisk har gjennomført i 2018 er m.a:

- Bygging/ferdigstilling av nytt bibliotek m.m. – Sæbyggjen
- Opprusting/ombygging av Soknehuset
- Montert nytt luktreduksjonsanlegg på Valle reinseanlegg
- Gjennomført slutt/ferdigbefaring på Rysstad reinseanlegg

- Kjøpt ny traktor
- Reparert persienner/solavskjerming på Hylestad Skule.
- Infrastruktur i Valle sentrum (straum/avlaup mm.)

5.16.4 Sjukefråvær

Sjukefråværet har i 2018 vore på 7 %.
Det har i 2018 vore 2 langtidssjukemelde i avdelinga. Ein i 100% sia februar og en i 50% sia juni.

5.16.5 Utfordringar

Bemanningssituasjonen på ytre teknisk er så redusert at ein har urfordringar med å gjennomføre dei ordinære oppgåvene. Dette gjer til at ein frametter må prioritere arbeidsoppdrag som er ein del av ansvarsområde til teknisk avdeling og nedprioritere oppdrag/hjelp til «andre». Samtidig må ein vurdere korleis ein kan effektivisere div. gjeremål med m.a. innkjøp av teknisk utstyr (roboter o.l.)

Det må frigjerast midlar for å sluttføre arbeidet med matrikulering av vegadressar.

Gebyrregulativet må reviderast, ein må leige inn konsulentteneste til utføring av dette arbeidet. Dette må sjåast opp mot sjølvkostområda.

5.17 Barnevern i Setesdal

5.17.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
3720-3746 Barnevern	1 514 853	2 075 000	73,00	560 147

2018 har vore eit år med auka økonomiske belastninger i eininga, mykje grunna utvida bruk av ekstern konsulentbistand i form av advokat, sakkyndig psykologspesialist og andre konsulenttiltak. Dette skuldas auke i sakar som har vore/skal til handsaming i henholdsvis Fylkesnemnd og rettsapparatet for øvrig.

2018 har og vore eit år med fokus på kompetanseheving, og eininga har vore knytt til opplegg i regi av Fylkesmannen i denne samanheng. Dette arbeidet har medført auke i kostnader knytt til reise, kost og losji, noko som gjev utslag i rekneskapen.

5.17.2 Organisering og leiing

Leiar i Setesdal barnevern gjekk av med pensjon 31.03.18, og ny leiar gjekk frå stilling som sakshandsamar til leiar 1.04.18. Ledig 100% stilling vart fylt pr. juni 2018. Dette gav barneverntenesta ei periode med mindre lønskostnader enn budsjettera, men dette har ikkje gjeve utslag i rekneskapen.

Barneverntenesta har i dag besett leiar og 3,2 faste stillingar som kontaktperson/sakshandsamar.

5.17.3 Vurdering og oppsummering av året 2018

Året har vore eit krevjande år fagleg, med stor og tung saksmengde, i tillegg til at det har vore ein haust prega av manglande personell. Utskiftingane i personalgruppa, kombinera med deltakelse i opplegg for kompetanseheving, med fokus på endra lovverk og krav til barnevernet, har og bidratt til at perioden hatt preg av omorganisering og omstrukturering av tenesta. I saker som skal handsamast i Fylkesnemnda eller andre rettsinstanser følgjer det krav til kompetanse som barneverntenesta må leige inn eksternt, noko som har gjort året i sin helhet økonomisk tyngre.

4.17.3.1 Måloppnåing i 2018

I høve måloppnåing med tanke på økonomi kan det ikkje seiast at eininga har nådd måla i 2018.

Når det gjeld måloppnåing med tanke på det faglege tilbodet, og korleis barneverntenesta har satt i verk tiltak i 2018, har vi hatt få indikatorar for å måle dette, men vi er i gang med rutinar for å få dette på plass i 2019.

4.17.3.2 Måloppnåing i høve til mål og føresetnadar satt i økonomi- og handlingsplan for 2018-2021.

Strategi frå kommuneplanen

- holde de budsjettrammer som er tildelt
- trygg stad å bu
- gode oppvekstvilkår og omsorgstilbod for alle

Delmål for avdelinga

- Vi skal møte alle som er i kontakt med barnevernet på ein trygg og god måte, og i tråd med gjeldande lovverk og retningslinjer.
- Vi skal tilby dei beste tiltaka til ein kvar tid, basert på grundige undersøkingar og gode, faglege vurderingar.
- Vi skal ha fokus på medverknad i alle ledd, båe for barn, unge og foreldre.
- Vi skal ha økt fokus på førebyggjande arbeid, for å sikre gode levekår for barn i våre distrikt.
- Vi skal jobbe meir tverrfagleg/tverretatleg, og møte samarbeidspartnare på ein open og respektfull måte.
- Vi skal sørge for at avdelinga får styrka kompetanse og fagleg oppdatering.

Delmåla er sett som målsetning for eininga i det kompetansehevande arbeidet som er iverksett, og vil vere med som ein raud tråd vidare.

5.17.4 Sjukefråvær i eininga

Sjukefråværet har vore 6,37 %.

Kommentar: Sjukefråvær i eininga har i 2018 vore på bakgrunn av leiars sjukefråver i haustperioden, samt sjukefråver hos ein tilsett i 20% engasjement, også hausten. Fråveret har difor ikkje påverka brukare i stor grad.

5.17.5 Utfordringar

I lys av rekneskapsåret 2018 vil nokre av utfordringane i 2019 vere å gje eit så godt fagleg tilbod som mogleg, utan at det er i strid med økonomiplan/budsjett. Eininga må jobbe for å utnytte lokale ressurser på ein hensiktsmessig måte, og vil også ha stort fokus på å få inn tilbakemeldingar på tiltak og øvrig arbeid, for på den måten å kunne skape gode tiltak med gode, langsiktige løysinger

5.18 PPT for Setesdal

5.18.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
3700 - 3710 PPT	798 497	799 000	99,94	503

PPT for Setesdal hamna rett i underkant av budsjett for 2018 med eit forbruk på 99,94 %.

PPT hadde også eit prosjekt «3705» med tilskot på 50.000,- frå staten som gjekk til dekking av utgifter i samband med vidareutdanning. Utgifter kom her på 14.174, og dermed eit overskot på 35.825. Årsaka til dette overskotet, er at det ikkje vart leigd inn vikarar i samband med utdanninga (umogleg å få leigd inn folk til så korte oppdrag i PPT). Pengane frå staten (SEVU –PPT) blir behalde i dette prosjektet.

5.18.2 Organisering og leiing

PPT for Setesdal er ein interkommunal teneste med Bygland, Valle og Bykle kommune, der Valle er vertskommune. Det er 2 fulle fagstillingar med leiar, og i tillegg ein 20% ressurs til merkantile oppgåver. Leiar har ein 30% ressurs til leiing av kontoret.

PPT er organisert med hovudkontor i Valle og eit kontor på Byglandsfjord. Ansvar blir i hovudsak fordelt etter geografi:

- Øvre del av distriktet: Bykle kommune / delar av Valle kommune
- Nedre del av distriktet: Bygland kommune / delar av Valle kommune

5.18.3 Vurdering og oppsummering av året 2018

Året 2018 har i nokon grad blitt prega av utskifting i arbeidsstokken: Det vart tilsett ny PP-Rådgivar i august (100% stilling) og ny merkantil medarbeidar i oktober (20% stilling). Vi har vore heldige og har fått godt kvalifiserte medarbeidarar i stillingane. Det er likevel slik at det må reknast noko tid til opplæring og innkøyring i rutiner. Arbeidet ute i skule og bornehagar har likevel gått som før, og mange har opplevd ei styrking av vår kompetanse ved at vi har fått inn logoped i PP-Rådgiver stillinga.

PPT har blant anna jobba med å styrke begynnaropplæringa i matematikk i Setesdal dette året, og har hausten 2018 arrangert kurs saman med Stat-Ped, med god deltaking frå både bornehagar og skular.

5.18.3.1Måloppnåing i 2018

5.18.3.2 Mål i handlingsprogram og økonomiplan 2018 – 2021

«PPT skal vere med og leggje til rette for at alle born og unge skal få best mogleg tilhøve for læring og utvikling. Arbeidet skal gjennomførast forsvarleg innanfor dei rammene og det budsjett som føreligg.»

Strategi for PPT Setesdal

PPT vil følgje opp strategi som er gjeve i kommuneplanen for skule og barnehagar med fokus på:

- **Kompetanseutvikling og systemarbeid***: PPT skal hjelpe skular og bornehagar med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å leggje tilhøva best mogleg til rette for læring, utvikling og inkludering.*

- **Førebyggande tiltak:** *Kome tidleg inn der ein ser vanskar / skeivutvikling fagleg eller sosialt.*

- **Sakkunnig arbeid:** Sikre god kvalitet og rask gjennomføring av utgreiing og sakkunig vurdering. *Sikre effektiv bruk av spesialundervisning for dei som har behov*

Måleindikatorar

- *Ingen born på venteliste for utgreiing*
- *Gjennomføre sakshandsaming (sakkunnig vurdering) under 3 mnd. frå saka er starta opp*
- *Andel med spesialundervisning ligg på / under landsgjennomsnittet*
- *Alle saker vert drøfta i samla kontormøte i PPT (sikre kvalitet)*

Andel med spesialundervisning fordelt på kommunane:

Kommune	Bygland	Valle	Bykle	Aust-Agder	Kostra-gr. 06	Landet u/Oslo
2011	10,9	13,0	15,6	10,8	12,4	8,6
2012	8,2	15,3	15,6	10,5	11,6	8,6
2013	7,3	9,0	8,5	9,0	10,7	8,4
2014	9,0	8,4	9,3	8,9	10,4	8,1
2015	7,9	5,9	8,7	9,2	10,4	7,9

2016	5,7	5,3	10,1	9,1	10,3	7,8
2017	6,0	9,1	9,4	9,2	10,1	7,9
2018*	8,6	9,5	9,1			

*Basert på eigen oppteljing i PPT. Kostra tala kjem seinare for 2018.

Kommentar til tala: Stabilt for Valle og Bykle for 2018, ein auke for Bygland sin del. Resultatet ligg om lag på gjennomsnittet for Aust-Agder fylke, men noko over landsgjennomsnittet. Tala for kvar kommune er små, og det kan derfor bli ein del variasjonar frå år til år.

Venteliste: Det har vore opptil 3 born på venteliste som har venta meir enn 2 mnd. på oppstart. Årsak til dette har vore avvikling av sommarferie og vakant stilling / nytilsetjing Gjennomføring av sakshandsaming: Vi har 4 saker der vi har brukt for lang tid på utgreiing / ferdig sakkunnig vurdering (meir enn 3 mnd.) Årsak ligg i det same som ovanfor.

Alle saker som gjeld spesialundervisning er blitt drøfta i samla kontormøte.

5.18.4 Sjukefråvær i eininga:

Sjukefråveret for 2018 har vore 1,45 %

5.18.5 Utfordringar

- Opplæring og innkøyring av nytilsette

Behalde godt kvalifisert personale over tid.

5.19 Setesdal IKT

5.19.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
3200 IKT	2 481 860	2 861 000	86,75	379 140

5.19.2 Organisering og leiing

Eiga rapport for drifta i Setesdal IKT.

5.20 Frivilligsentralen

5.20.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)
3800 Frivilligsentral	129 687	77 000	168,42	-52 687

5.20.2 Organisering og leiing

I samarbeid med DNT Sør har Valle kommune i 2018 etablert ein prosjektstilling i 30 % med ansvar å reetablere og drifte frivilligsentralen. Frivilligsentralen er ein dag i veka i Sæbyggjen.